

Emne:	Næringsforum Vestland	
Til stades:	<i>Medlemmer:</i> Bård Sandal (VLFK), Øystein Høyvik (KS), Roger Pilskog (LO), Kathrin Jakobsen (VLFK), Aslak Sverdrup (IN), Rigmor Fardal (FR), Gisle Nondal (BK), Helene Frihammer (fra kl. 10.00) (NHO), Marit Myrstad (SIVA), Geir Mikalsen, (NHH) Christian Rekkedal (Statsforvalteren i Vestland). <i>Geir Kåre Resaland (HVL) Mette Nora Sætre (VLFK)</i> <i>Sondre Olsen (NHO) møtte for Helene Frihammer</i> <i>Sekretariat: Jone Engelsvold (VLFK)</i>	
Forfall:	Margareth Hagen (UiB) og Bjarte Hysing-Olsen (NAV).	Sak:20-27/24
Møtetid:	Kl. 09.00 – 11.00	Møtestad: Teams

Møteleiar: Bård Sandal
Referent: Jone Engelsvold

Sak 20-24 Godkjenning av innkalling og referat

VEDTAK

1. Næringsforum godkjenner innkalling og dagsorden til møte 11. juni 2024.
2. Næringsforum godkjenner referat frå møte 18. april 2024

Sak 21-24 Mulighetene for helsesektoren i Bergensregionen

./.

Monica Mæland orienterte (sjå vedlagt kopi av presentasjon)

Følgjande moment var framme i ordskiftet etter presentasjonen:

SIVA har oppdrag frå NFD om ein mogeleg «Helse katapult», som kan bidra til betre testkvalitet på dette fagfeltet i Noreg. Det er til avklaring om det vert eit eige senter eller vil inngå som del av eit eksisterande katapultsenter. Ein helsekatapult er også nemnt i Regjeringa sin strategi for å styrke fou i næringslivet (sjå sak 26-2024). SIVA arbeider med eit «veikart for helsenæringa».

./.

Ein presentasjon som omtalar SIVA sitt helseoppdrag er vedlagt referatet.

Helsenæring og satsinga rundt dette har vore manglande i alle regionale styringsdokument så langt, fleire har etterlyst dette – t.d. i samband med forskingsverkemidlar som FORREGION og RFF.

Helse er eit av dei fem satsingsområda i eksisterande eksportstrategi. Satsing innan helsenæring krev ofte mykje kapital og langsiktig satsing. Det kunne vore fleire aktørar inne i denne marknaden. Innovasjon Norge arbeider med korleis få kompetanseaktørane til å satse og bli meir synlege innan dette fag- og næringsområde. Det er andre tradisjonar i andre land. Kva kan vi lære av dette?

NHH har ei satsing på «Silver economy» - som ikkje er spesifikt retta mot helsesektoren, men knytt til aldrande befolkning og betydning av dette mellom anna for helsenæring/teknologi. Her kan det vere eit kunnskapsgrunnlag både å utvikle og å hauste av.

Offentleg sektor som innkjøpar er viktig for dette næringssegmentet.

Leverandørutviklingsprogrammet vil kunne ha ei rolle her. Bergen kommune og fleire andre aktørar arbeider med dette.

Ei rekke tema er knytt til helse og helsenæring. Mellom desse er «rett kompetanse», «korleis kommersialisere», «korleis skaffe rett kapital», «testfasilitetar», «barrierar for offentlig – privat samarbeide».

Næringsforum ønskjer å arbeide meir med desse problemstillingane. Ein neste aktivitet kan vere å organisere ein rundebordskonferanse om tema. Det vert vurdert om eit slikt arrangement kan skje i samarbeide med «Ekspertgruppe helse» i Bergen næringsråd (<https://www.bergen-chamber.no/om-oss/ekspertgrupper/helse/>)

Det vil vere ein ambisjon å samordne relevansen av dette næringsområdet – samt få til auka samarbeide.

VEDTAK

- 1. Næringsforum drøfta utvikling av helsesektoren/helsenæringar**
- 2. Næringsforum vil arbeide for å arrangere ein rundebordskonferanse/diskusjon om helse og helsenæringar - eventuelt i samarbeide med Ekspertgruppe Helse i Bergen Næringsråd.**

Sak 22/24

Ny Utviklingsplan for Vestland fylke 2024 - 2028

./.
Tina Kvammen Mjøs Sinclair gav ei orientering (sjå vedlagt kopi av presentasjon).

Ho la vekt på at det vil kome ei formell høyring om utkastet til Utviklingsplan. Informasjon om planen og høyringsprosessen kan de finne på denne sida:

<https://www.vestlandfylke.no/nyheitsarkiv/2024/ny-utviklingsplan-pa-hoyring/>

I spørsmål og drøftingar til saka kom det fram synspunkt at Bergen som drivkraft burde vore løfta tydelegare fram i planarbeidet. Skal regionen vekse må også Bergen utviklast vidare som drivkraft.

Forholdet mellom sivile og militære utfordringar og korleis næringsliv bidrar til dette er eit svært viktig tema. Like eins er sikkerheit og beredskap svært viktige tema som må reflekterast i ein utviklingsplan.

Eit spørsmål vart reist om korleis Utviklingsplanen vil påverke allereie vedtekne strategiar, som t.d. grunnlaget for Grøn Region Vestland, der det i fleire høve vil vere konflikt rundt arealbruk.

Tina Kvammen Mjøs Sinclair svarte dette ut dei er godt kjend med målkonfliktar og dilemma som dette. To breie regionale planane skal bidra til å ta tak i dei store samfunnsutfordringane på tvers av sektorar og meir spissa mål og det vil innebære å vege ulike interesser mot kvarandre som grunnlag for politiske prioriteringar.

Både stat og kommune skal legge denne type plan til grunn for si planlegging. Areal viktig, men er meir enn bygningar. Også jordbruksareal bør vere tydeleg i planarbeidet. Dessutan er det mange utfordringar knytt til areal versus fornybar energi og fleire arealkrevjande tiltak.

Dersom folketalsutvikling vert brote ned til grunnkrets nivå vil det i mange tilfelle gi meir differensiert informasjon om befolkningsutviklinga i fylket.

Også helserelatert næring og aldring vart peika på som viktige tema, samt utfordringar knytt til kraftgapet.

Det vart vist til at arbeidet med «Fylkes ROS» er viktig å sjå i samanheng med Utviklingsplan, noko Tina Kvammen Mjøs Sinclair kunne stadfeste at dei har gjort.

VEDTAK

Næringsforum tek informasjon om utkastet til Utviklingsplan for Vestland til orientering

Sak 23/24 Kommunesektoren sin politiske prioriteringar

./.
Øystein Høvik orienterte om kommunesektoren sine politiske prioriteringar (kopi av presentasjon er vedlagt).

VEDTAK

1. **Næringsforum tek informasjonen om Kommunesektoren sin politiske prioriteringar til orientering**

Sak 24-24 Aktuelle høyringar –punkt å vere merksam på i eige arbeide med innspel og prosessar

Bård Sanddal orienterte kort om dei høyringane som er teke med til møtet denne gongen. I eit kort ordskifte vart det peika på at NOU om Norge og EØS er ein viktig rapport med store ringverknader. Vestland fylkeskommune rekk ikkje å gje uttale til saka.

VEDTAK

1. **Næringsforum drøfta aktuelle høyringar med frist august og september 2024**

Sak 25/24 Referatsaker

Bård Sanddal orienterte kort om at det til dette møtet er vist til sakene som kjem opp i Næringsutvalet 12 juni.

VEDTAK

1. **Næringsforum tek informasjonen til orientering**

Sak 26/24 Forsking og innovasjon. Ny strategi frå Regjeringa for å auke næringslivet sine investeringar i FoU og revisjon av Temaplan forskning for Vestland fylke

./.

Jone Engelsvold gav ei innleiande orientering (sjå vedlagt kopi av presentasjon).

Ordskipet som følgde presentasjonen gav ikkje innspel til å endre retninga i arbeidet med revisjon av Temaplan forskning for Vestland fylke.

Det vart poengtert at Forskingsrådet ikkje lenger har eit regionalt oppdrag frå departementa på lik line med tidlegare, og at det påverkar graden av regional innsats også i Vestland.

Det vart reist spørsmål om korleis UH sektoren samarbeider med grundermiljø og start-up selskap. Til dette vart det vist til at UH sektoren har økt fokus på innovasjon dei siste åra, og at institusjonane jobbar for å auke tempoet på dette. I det daglege vil det likevel vere slik at den enkelte forskar sin fagleg kompetanse og interesse vil vere viktig motor i dette. Det er utfordrande å sentralstyre slike prosessar, men også svært viktig å legge til rette for gode og riktige koplingar.

Nokre initiativ er særleg retta mot grunderskap og start up selskap. «HVL skape» er eit døme på dette. Engasjementet til HVL som kompetansemeklarar i FORREGION er eit anna. Dessutan er det viktig at studentar skriv bachelor oppgåver i samarbeid med bedrifter.

Fleire viktige prosjekt som Grøn Region og One Ocean arbeidet krev FoU. Viktig å sikre at dette samarbeidet mellom næring og forskingsmiljøa fungerer godt.

VEDTAK

- 1. Næringsforum drøfta Ny strategi frå regjeringa for å auke næringslivet sine investeringar i FoU og revisjon av Temaplan forskning for Vestland fylke**
- 2. Næringsforum har ikkje merknader til retninga på arbeidet med revisjon av Temaplan forskning for Vestland fylke**

Sak 27-24 Eventuelt

Under eventuelt vart det kort orientert om komande store arrangement som Arendalsuka 12-16 august <https://www.arendalsuka.no/> og ONS i Stavanger 26-29 august <https://www.ons.no/>

Det vart også vist til Fjordtinget, som i 2024 skal vere 4. september.

Innovasjon Norge har lyst ut nytt klyngeprogram. Det er no viktig å behalde og eller fornye klynger i regionen.

Neste møte skal vere 5. september. Her ønskjer vi å legge møte til ein viktig samarbeidspart eller næringsmiljø i regionen.

Det er lufta nokre forslag. «One Ocean» miljøa eller «Helseklynga» vart særleg nemnt på møtet.

VEDTAK

- 1. Næringsforum tek informasjonen til orientering**